

Kompetanseutvikling i bibliotek Spørjeundersøking i Hordaland 2010

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD)
AUD-rapport nr 3 2010


Bakgrunn og metode

- Undersøkinga er utført av Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) på oppdrag frå Kultur- og idrettsavdelinga ved Fylkesbiblioteket.
 - Datainnsamlinga vart gjort elektronisk. Det vart sendt ut spørjeskjema på e-post til følgjande grupper tilsette:
 - Folkebibliotek i alle kommunar (unntatt Bergen)
 - Fylkesbiblioteket
 - Bibliotek i vidaregåande skular
 - Høgskular i Hordaland
- I tillegg vart undersøkinga gjort tilgjengeleg via link på internett for tilsette ved Universitetet i Bergen og Bergen kommune.
- Totalt har 207 respondentar svara på spørjeskjema. 178 har svara pr e-post, og 109 har svara via link. Svarprosenten blant dei som har svara pr e-post er 55 %.

Bakgrunn: Type bibliotek

Nesten halvparten av bibliotektilsette i denne undersøkinga, 47 %, er tilsett i folkebibliotek.

20 % arbeider i skulebibliotek i vidaregåande skule, mens til saman 25 % arbeider på universitets- eller høgskulebibliotek




Bakgrunn: Type stilling

Det er stor variasjon når det gjeld kva type stilling respondentane har. Den største gruppa er likevel "bibliotekar" med 27 %.

17 % er leiarar med personalansvar.

15 % har svara "anna" på dette spørsmålet. Ein god del av desse har kombinerte stillingar til dømes på skular.




Bakgrunn: Stillingsprosent

Den største delen, 62 %, har full stilling, mens til saman 39 % har ei eller anna form for deltidsstilling.


Det er ein større del av dei som er utdanna bibliotekar (85 %) som har 100 % stilling enn blant dei som ikkje har bibliotekarutdanning (46 %), og delvis bibliotekarutdanning (32 %).

Det er fleire deltidstilsette i skulebiblioteka enn i dei andre biblioteka



Bakgrunn: Tilsettingsforhold


Det er berre 9 % av respondentane som ikkje er tilsett i fast stilling.



Bakgrunn: Alder

Den største delen av bibliotekarane, 37 %, er mellom 51- 60 år. 24 % er mellom 41 og 50 år. Berre 3 % er under 30 år.

Det er ein noko høgare del av dei tilsette som er over 50 år i folkebiblioteka (55 %) og biblioteka i vidaregåande skule (53 %) enn i dei andre biblioteka.




Bakgrunn: Andelen bibliotekarutdanna

48 % av respondentane er utdanna bibliotekar, mens 18 % er delvis bibliotekarutdanna.

34 % har ikkje bibliotekarutdanning.

Det er ein lågare del av dei som er 51-60 år (40 %) og dei som er over 60 år (36 %) som har bibliotekarutdanning enn i dei andre aldersgruppene.




Bakgrunn: Fagområde - høgare utdanning

Totalt 72 % av respondentane har anna høgare utdanning enn bibliotekarutdanning.

Det er ein høgare del av dei mellom 30 og 40 år (80 %) som har anna høgare utdanning enn av dei over 60 år (61 %).

Det er ein lågare del av dei som er tilsette i folkebiblioteka (61 %) som har anna høgare utdanning enn i dei andre biblioteka.


Det er innan humanistiske og estetiske fag at flest har anna høgare utdanning (65 %).



Bakgrunn: Utdanningsnivå på anna høgare utdanning

Dei fleste som har tilleggsutdanning har denne på bachelor/cand.mag nivå (29 %).

Det er 19 % som har høgare utdanning på master/hovudfagsnivå.




Kompetansevurdering: Generell

Når det gjeld generell bibliotekskompetanse er det flest som oppgjev at dei har god kompetanse i service og kundebehandling (95 %), tett etterfølgt av informasjonssøk/gjenfinning (90 %) og rettleiing (86%).

På botnen av lista finn vi spesialfelt som skule (40 %-) og barnebibliotekarbeid (34 %), men og meir generelle område som opphavsrett (41 %) og universell utforming (37%) .

Det er ein tendens til at dei som har biblioteksutdanning i større grad oppgjev at dei har god kompetanse på desse områda enn dei som ikkje har/delvis har denne utdanninga.




Figuren viser delen som oppgjev svært eller ganske god kompetanse på feltet

Generell – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Det er klart flest som ønskjer seg kompetanseheving innan informasjonssøk og gjenfinning (53 %).

45 % kunne tenke seg kompetanseheving innan litteraturkunnskap, og 35 % innan referansehandtering, sitering og kjeldebruk.

På botnen av lista ligg rettleiing (20 %) og barnebibliotekarbeid (14 %).




Kompetansevurdering: Leiing/leiingsutvikling (for leiarar)

Delen av leiarane som oppgjev at dei har god eller svært god kompetanse innan leiing/leiingsutvikling, varierar frå 48 % til 80 %.

Det er 21 % som svarar at dei har svært god kompetanse på økonomistyring/prioritering.


Det er flest leiarar som har god kompetanse i personalarbeid/leiing (80 %), og færrest som seier at dei har god kompetanse knytt til synleggjering av biblioteket i samfunnet/samfunnsdebatten (40 %).



Leiing/leiingsutvikling – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

På dette feltet er det ein klar samanheng mellom det området ein vurderer kompetansen til å vere låg, og kva ein ønskjer seg kompetanseheving innan. 53 % av leiarane seier at dei ønskjer seg kompetanseheving innan synleggjering av biblioteket samfunnet/samfunnsdebatten.


Økonomistyring/prioritering er det området der færrest leiarar seier at dei ønskjer kompetanseheving.



Kompetansevurdering: Marknadsføring/kommunikasjon (alle)

På dette punktet er det størst del som seier at dei har god kompetanse når det gjeld kjennskap til brukargruppene sine behov og motivasjon, til saman 83 %. Det er 47 % som har god kompetanse i aktiv marknadsføring av biblioteket sine tenester.


På den andre sida er det berre 24 % som oppgjev at dei har svært eller ganske god kompetanse i høve til å setje biblioteket på agendaen i media. Den største delen av dei som oppgjev god kompetanse i å setje biblioteket på agendaen finn vi i folkebiblioteka.



Marknadsføring/kommunikasjon – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Når det gjeld marknadsføring/kommunikasjon, er det slik at det området kompetansen er lågast, å kunne setje biblioteket på agendaen i media, og er det området som minst del ønskjer seg kompetanseheving på.

Det som flest kunne tenke seg auka kompetanse innan, er aktiv kommunisering og marknadsføring av biblioteket sine tenester.




Kompetansevurdering: Formidling

Nesten 8 av 10 seier at dei har god kompetanse på formidling av kunnskap og informasjon.

Til saman 58 % oppgjev at dei har svært eller ganske god kompetanse på kultur- og litteraturformidling.

Innan dette feltet er det minst del, til saman 41 % som seier at dei har god kompetanse innan formidlingsmetodar og metodikk.


Når det gjeld kultur og litteraturformidling og formidling av kunnskap og informasjon, er det ein større del av dei som er biblioteksutdanna som oppgjev at dei har god kompetanse enn det er blant dei som ikkje har utdanninga/delvis har utdanninga.



Formidling : – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Når det gjeld formidling er det ein klar samanheng mellom det området ein vurderer kompetansen til å vere låg, og kva ein ønskjer seg kompetanseheving innan.

62 % seier at dei ønskjer seg kompetanseheving innan formidlingsmetodar og metodikk.



Kompetansevurdering: Digital kompetanse

Delen som oppgjev at dei har god eller svært god kompetanse på desse felta, varierer frå til saman 6 % til 87%


Nesten 9 av 10 meiner at dei har god grunnleggjande digital kompetanse.

På botnen av lista ligg programmering. Det er ingen som oppgjev at dei har svært god kompetanse på dette feltet, mens 6 % har ganske god kompetanse.

Den digitale kompetansen synker med alder.

Det er ein klar tendens til at dei som har biblioteksutdanning har betre digital kompetanse enn dei andre, sjølv om dette ikkje gjeld alle felta.


Det er og ein tendens til at dei som er tilsett i folkebiblioteka i mindre grad oppgjev god kompetanse på desse felta enn dei som er til sett i dei andre biblioteka.



Digital kompetanse – På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Det største behovet for kompetanseheving på dette feltet finn vi når det gjelder å strukturere og formidle informasjon på nett. 52 % ønskjer kompetanseheving på dette området.


På botnen av lista ligg dei to kompetanseområde som dei bibliotekstilsette har høgast (grunnleggjande digital kompetanse) og lågast kompetanse innan (programmering) .



Kompetansevurdering: Biblioteket som læringsarena


Til saman 77 % seier at dei har god informasjonskompetanse.

53 % oppgjev at dei har god kompetanse når det gjeld kunnskap om brukarkommunikasjon og rettleiingsmetodar, og 42 % har god kunnskap om pedagogikk og læringsmetodikk.



Biblioteket som læringsarena – På kva område ønskjer ein kompetanseheving


I likskap med kompetansevurderinga, er kompetansebehova også ganske jamne på området biblioteket som læringsarena. Dei varierar frå 61 % (kunnskap om brukarkommunikasjon og rettleiing) og 48 % (kunnskap om brukarkommunikasjon og rettleiing) og 48 % (informasjonskompetanse og kunnskap om pedagogikk læringsmetodikk)



Kompetansevurdering: Kulturelt mangfald

På dette feltet er den eigen-
vurderte kompetansen størst
når det gjeld å møte
minoritetsspråklege brukarar
på ein profesjonell måte (til
saman 64 %).

Kompetansen er lågast i høve
til å tilrettelegge tenester for
minoritetsspråklege (til saman
26 %)




Kulturelt mangfald– På kva område ønskjer ein kompetanseheving

Innan kulturelt mangfald er det flest som ønskjer meir kompetanse på feltet: biblioteket sin rolle for inkludering og integrering (44 %).

På den andre sida er det færrest (31 %) som ønskjer meir kompetanse når det gjeld å møte minoritetsspråklege brukarar på ein profesjonell måte.

Variasjonen i ønske om kompetanseheving er imidlertid relativt låg mellom dei ulike områda.




Kor ofte deltek ein på kurs/konferansar i dag?

Den største delen, 41 %, oppgjev at dei deltek på kurs/konferansar noen gonger i året. 17 % deltek på kurs/konferansar sjeldnare enn ein gong i året.

Dei som jobbar i folkebiblioteka er sjeldnare på kurs/konferansar og konferansar enn dei som jobbar andre i dei andre biblioteka (51 % deltek oftare enn årleg).


Andelen som deltek på kurs/konferansar oftare enn årleg, er høgast blant dei som er tilsette på Universitetsbiblioteket (80 % deltek oftare enn årleg).



Kva form bør kompetansehevinga ha?


Det er helit klart flest bibliotekstilsette som føretrekk kurs med kort varigheit når det gjeld form på kompetansehevinga.

Om lag halvparten føretrekk også etter- og vidareutdanning og nettbaserte studiar.



Hindringar for deltaking i kompetansehevingstiltak

Behovet for økonomisk større vert sett på som den største hindringa for kompetansehevingstiltak (44 %). Men også behov for studiepermisjon (34 %) og vanskar med å få vikar (33 %), vert framheva.



Spisskompetanse og andre kommentarar

- 57 % av dei bibliotekstilsette seier at dei har tilegna seg spisskompetanse på eit eller fleire felt gjennom utdanning eller arbeid. Innhaldet i denne kompetansen er svært variert.
- Respondentane vart til slutt i undersøkinga spurde om dei hadde andre kommentarar til temaet. Her vert ulike forhold trekt fram, men den viktigaste budskapet er at ein treng tid/ressursar, både til å utvikle biblioteket og til kompetanseheving.

Oppsummering

Undersøkinga viser at kompetansen til dei bibliotekstilsette varierer både mellom dei ulike kompetanseområda, og innan kvart område. Tabellen under oppsummerer delen som oppgjev god kompetanse; topp og bunn for dei ulike kompetanseområda i udersøkinga.

Område:	Høgast kompetanse	Lågast kompetanse
Generell bibliotekskompetanse	Service og kundebehandling (95 %)	Barnebiblioteksarbeid (34 %)
Leiing/leiingsutvikling	Personalarbeid/leiing (80 %)	Synleggjing av biblioteket i samfunnet /samfunnsdebatten (48 %)
Marknadsføring/kommunikasjon	Kjennskap til brukargruppene sine behov og motivasjon (83 %)	Setje biblioteket på agendaen i media (24 %)
Formidling	Formidling av kunnskap og informasjon (78 %)	Formidlingsmetodar og metodikk (41 %)
Digital kompetanse	Grunnleggjande digital kompetanse (87 %)	Programmering (6 %)
Biblioteket som læringsarena	Informasjonskompetanse (77 %)	Kunnskap om pedagogikk og læringsmetodikk (42 %)
Kulturelt mangfald	Møte minoritetsgrupper på ein profesjonell måte (64 %)	Tilrettelegging av tenester for minoritetsspråklege (26 %)

Oppsummering

Samanhengen mellom den kompetansen ein har i dag, og på kva område ein ønskjer kompetanseheving kan gå i ulike retningar:

Låg kompetanse - ikkje ønskje om kompetanseheving

Døme:

Kunne setje biblioteket på agendaen i media (under marknadsføring og kommunikasjon)

Programmering (under digital kompetanse)

Høg kompetanse - men framleis ønskje om kompetanseheving

Døme:

Informasjonssøk og gjenfinning (under generell bibliotekskompetanse)

Litteraturkunnskap (under generell bibliotekskompetanse)

Låg kompetanse - ønskje om kompetanseheving:

Døme:

Synleggjering av biblioteket i samfunnet/samfunnsdebatten (under leiing/leiingsutvikling)

Formidlingsmetodar og metodikk (under formidling)